


Ålesundsregionen





Nasjonalt, regionalt og lokalt nivå

- Planområdet er ikkje registrert som nasjonalt verna eller verneverdig naturområde, heller ikkje med nasjonal friluftsbuk.
- Noko regional friluftsbuk – hovudsakleg gamle Ålesund, men primært lokalt viktig for innbyggjarar Sula kommune.
- Planområdet er i austre del av Sulafjellet, fjellet vest og sør for planområdet blir kunn råka i form av mogleg utvida bruk som friluftsområde.



Kart over Sula – utbygd areal






Natur og miljø er hensyntatt i prosjektet

- Ikkje nasjonalt vedtak på å stoppe all utvikling i landet, kva skal vi tilby i landets minste fylke utan for store inngrep?
- Sjøvegen gir meir berekraftig transport enn bilveg - kvifor ta turistane på veg med tunge fossile busser i staden for utsleppsfrie båtar til Langevåg.
- En aktør som skaper et økosystem for berekraftig turisme - turisme skaper attraktivitet i regionen.
- Det er ingen nasjonale føringar om å reduserer satsinga av turisme i Ålesundsregionen - får vi ikkje utvikla gode destinasjonar vil vi ikkje få berekraftig turisme over tid
- Ein gondol er eit tiltak som gir langt mindre fotavtrykk enn hyttebygging, bidrar ikkje til privatisering og opnar fjellet for allmenta.



Uberørt natur og visuell effekt





Toppstasjonen- visuell effekt

Ålesund og havet i horisonten.



SULA GONDOL
Toppstasjon



Friluftsliv

Nordsida er prega av tekniske inngrep i dag .


- Ridestien/Vonløypa, hyttebygging, lagshytter og demninga med røyrgate. Gondolen beslaglegg noko areal, men medfører i liten grad tap av nærturterreng.

Alle dagens område blir like eller meir tilgjengelege enn før.

- Gondolen vil krysse Vonløypa i nedre del og vil til ein viss grad forstyrre friluftslivsbrukerane av løypa.
- Dei som går over til Rollon, via Randibruna/Sauegeila vil sjå mellomstasjonen.

Gondolen berører ikkje den mest brukte stien mellom Rollonhytta/Svanshornet og Vardane (øst-vest).

- Ein mindre del av det inngrepsfrie naturområde sone 2 (område som ligg 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) vil bli noko redusert i sør og aust, men størsteparten av området vil bestå;



Kartkjelde: Naturbase

Folkehelse perspektivet

Gondolen gir alle grupper i befolkninga tilgang til fjellet også eldre og folk med nedsett funksjonsevne.

Positivt med omsyn til å stimulere til at fleire vil komme seg ut i naturen

Basert på erfaringar frå Loen og Åndalsnes så tar turistane i stor grad gondolen opp og ned utan å bevege seg særleg ut i terrenget.

Av dei som tar gondolen og vil gå turar i fjellet utgjer lokalbefolkning hovuddelen.




Kompenserande tiltak friluftsliv

- Permanent utvida parkeringsareal ved Vasskummen gir enklare tilkomst til fjellfoten og starten av Vonløypa for tilreisende utan bruk av gondolen.
- Utviding og forsterking av Vonløypa frå Vasskummen til Gamlestøylen sikrar Vonløypa mot utgliding og forbetrar underlaget. Dette reduserer òg behovet for framtidig vedlikehald og tiltransport av toppdekke.

Kompenserande tiltak- friluftsliv




- Tiltaket bidreg til forsterking av stiane Rundhornet-Vardane, Rollonhytta-Vardane og Vonhytta-Vardane der det er behov.
- Ved å tinglyse ferdselsrett over grunneigedomen 109/182 (eigd av tiltakshavar) sikrar ein å ivareta framtidig sti Harhaugvegen til Harhaugen og forenkler tilgang til fjellet frå dette området.
- Arealet vert seinare sikra som grøn korridor i arealdelen til kommuneplanen.



FRIOMRÅDE v Molværsbrauta

Naturmangfold





Naturmangfald- Fugl

- I område Rundehornet – Vardane er det registrert to raudlista artar, oppført som nær trua.
- Taksvale er vurdert som tilfeldig observasjon og er i liten grad vektlagt.
- Heilo er derimot vurdert som naturleg art med funksjon i område.
- Heilo er observert spreidd fordelt i område(Rundehornet/Vardane, Myrane/Grøthornet mot Langrabben)

Tabell 5. Oversikt over påviste rødlistearter i utredningsområdet

| Art | Status | År påvist (siste) | Område |
|-----------|--------|-------------------|--------------------------------|
| Vipe | EN | 2001 | Tverrfjellet |
| Myrhauk | EN | 2004 | Eltrane |
| Sanglerke | VU | 2001 | Tverrfjellet |
| Lappspurv | VU | 1976, 1985 | Myrane og Svanshomet |
| Heilo | NT | 2022 | Rundhornet |
| Gjøk | NT | 2022 | Skinhammerdal/ «Mellomstasjon» |
| Taksvale | NT | 2021 | Rundhornet |
| Stær | NT | 2021 | Langerabben |

| | | | |
|----------|----|------------|-------------------------------------|
| Gråsisik | Ah | 2021 | Nordvendte liområder |
| Boltit | Ah | 1976, 1978 | Rundhornet og Svanshomet |
| Fjellvåk | Ah | 2004 | Nær tilknytning til influensområdet |



Kompenserande tiltak - naturmangfald



- Gjennom detalj-prosjekteringa vil ein så langt som råd unngå dei fuktigaste partia i kystlynghei-lokalitetane.
- Revegetering ved veg og mastepunkt vil bli gjennomført ved å legge tilbake vekstmasser tatt av og mellomagra like ved arealbeslaget. Revegetering skal hjelpast med å så ut frø frå røsslyng i nærområdet (frø vert plukka og sås ut i midten av oktober)
- Det blir så langt som praktisk mogleg søkt å etablere infrastruktur som ikkje berører areal med rødlista artar.
- I planområdet skal tiltakshavar fjerne framandartar som sitkagran, bulkemispel, haustberberis og platanlønn med særleg fokus på sitkagran. Dette vil hindre gjengroing og gi positiv effekt for lyngheia
- Ei artskartlegging skal gjennomførast før detaljprosjektering slik at ein redusere risikoen for å berøre sårbare artar.



Barn og unge

- Friområde Molværsbrauta blir i liten grad råka. Gondolmasta beslaglegg lite areal etter oppføring. Gondolen går høgt over arealet - ca. 60 m ved «Knivstikkaren» - og påverkar framtidig bruk i svært liten grad.
- Arealet er brukt som sauebeite i dag, og er ikkje eit naturleg leikeareal. Det vil vere ein uheldig kombinasjon å opne med gjerdeklyv som gir barn tilgang til området for leik, så lenge det blir beita. Beitemarka bør ivaretakast i tråd med bonden sine ønske og statsforvaltaren sin tidlegare innspel.
- Planforslaget opprettheld område i samsvar med dagens føremål og dagens bruk, mellom anna «Knivstikkaren». Planforslaget endrar ikkje mogleg framtidig bruk eller utnytting av området.



Kompenserande tiltak- barn og unge

- Trafikktryggingstiltak med krav om etablering av fortau langs Molværsbrauta frå Remane (sentrum) til Vasskummen (fjellet), innanfor gjeldande regulert vegbreidde er svært positivt.
- I anleggsplan er det krav om tiltak som gir trygg trafikkregulering både av biltrafikk og mjuke trafikantar under utbygginga.
- Utvikling av nye leikeplassar ved Devoldfabrikken.



Kompenserande tiltak

- Eit felt med grantre skal fellast
- Når veg og mast blir etablert i fjell-lynghei, revegeterast vegkanten/arealet ved sida av masta fortløpande.
- Det blir etablert få og slitesterke stiar i tråd med «Stiskulen» så dei leier besøkjande slik at slitasje utanfor stiane blir minimaliserte
- Midlertidige anleggsvegar og -plasser etablerast på en slik måte at tilbakeføring til opprinneleg natur er mulig etter endt aktivitet.
- Midlertidige anleggsvegar og -plasser revegeterast fortløpande etter endt bruk.



Fleire fordelar med tiltaket

Tiltaket vil avlaste fleire nære og pressa turområder som Aksla, Sukkertoppen og Emblemsfjellet

Er i tråd med satsing på bærekraftig reiseliv i fylket

Vern gjennom bruk, legger til rette for å videreutvikle 15.000 m² ubenyttet areal til ny handels og kulturaktivitet ved Devoldfabrikken

Vil kunne føre til betra hurtigbårsamband mellom Langevåg og Ålesund



Kvifor er Sulagondolen eit viktig prosjekt?

- Nasjonale mål om turisme som den femte største eksportnæringa
- Ålesundregionen som motor for eit vekstkraftig fylke
- Berekraftig turisme og kortreiste opplevingar i ein av Norges mest besøkte turistbyar
- Langevåg kan bli ein naturleg bydel av Ålesund dersom kommunikasjonen via sjø vert hyppigare
- Regionen treng å styrke besøksattraktiviteten dersom den skal vere berekraftig turisme på sikt
- Sula kommune treng tiltak som styrkar næringsattraktivitet og besøksattraktivitet i tillegg til buattraktiviteten vi allereie har
- Sulagondolen er ein føresetnad for vidare utvikling av det viktige regionale kulturminnet Devoldfabrikken (Vern gjennom bruk)





Oppsummering

1. Sulafjellet er ikkje eit fjellområde registrert som friluftsområde av verken regional eller nasjonal verdi.
2. Sulagondolen påverkar få fugleartar av nasjonal interesse i liten grad.
3. Sulagondolen legg til rette for at utøving av friluftsliv i all hovudsak kan oppretthaldast som i dag, og for nokre grupper blir betra.
4. Sulagondolen vil ikkje hindre at store deler av fjellet framleis vil vere inngrepsfritt og eit stille område. Fotavtrykket utgjer 0,3% av utmarksarealet.
5. Sulagondolen vil ikkje medføre begrensingar for barn og unge i deira naturlege ferdselsområde.
6. Sulagondolen skaper arbeidsplassar i seg sjølv og gjennom ringverknader. Dette er viktig for fylkets største utpendlarkommune.
7. Sulagondolen vil vere eit betydeleg bidrag til utvikling av berekraftig turisme i regionen
8. Eit naturleg neste steg vil vere å arbeide fram ein markaplan for Sulafjellet i samband med rullering av arealplan